



## Statens vegvesen

Kvam herad  
Grovagjelet 16  
5600 Norheimsund

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:  
2015/008651-005

Dykkar referanse:

Vår dato:  
10.03.2015



### Høyring - Fv. 7 - Omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad

Den 1210 m lange Børvenestunnelen opna 4. nov. 2011.

I samband med utarbeiding av reguleringsplanen Fv. 7 Øystese vest – Nes (vedteken 11.12.2001) vart det ikkje teke stilling til kva som skulle skje med gamle vegen rundt Børveneset når ny tunnel vart opna. Statens vegvesen startar nå omklassifiserings sak for denne strekninga.

Viser strekning av gamal fylkesveg på stekninga Øystese vest til Nes som skal omklassifiserast.

Viser omlegging /utbetring av fylkesvegen på strekninga Øystese vest til Nes, der det er kome ny fv. 7 i tunnel.



Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanqer

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Statens vegvesen vil i si tilråding foreslå at denne delen av fylkesveg 7, vert omklassifisert til kommunal veg. I denne vurderinga er det lagt til grunn den funksjonen vegen har i dag, etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel forbi Børveneset. Funksjonen som den gamle vegen får er lokalveg med tilkomst til bustader. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Grunngjeving:

I følge kriterium for klassifisering av 5.oktober 1987 skal grensa mellom fylkesveg og kommunale vegar gå mellom samleveg og adkomstveg, slik desse er definert i vegnormalene.

I HB N 100 (tidlegare 017) er samleveg og adkomstveg definert slik, sitat:

«

- *Samleveger er forbindelsesveger mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstveger og hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings- og fordelingsfunksjon.*
- *Atkomstveger er atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.*

«

Videre framgår det av kommentarar til veglovas § 2, at inndelinga i riksvegar, først og fremst skal omfatta dei store hovudtrafikkårane, viktige vegar eller som set større område i forbindelse med kvarandre då dei tener fjerntrafikken, men også viktige vegar av meir landsdels- eller regional karakter.

Fylkesvegar vil vera lokalvegar som set bygder og grender i forbindelse med riksvegar eller direkte med byar og større sentra.

Kommunale vegar omfatta først og fremst det ein karakteriserer som bustadgater og -vegar, men også vegar av lokal karakter som ikkje normalt vil vera kvalifisert til opptak som fylkesvegar.

Børvenestunnelen har ført til at gamle fylkesvegen er vorten betydeleg avlasta og har endra sin funksjon og det er mindre bebyggelse langs denne strekninga. Vegen har nå ikkje befolkningsgrunnlag eller fører nå heller ikkje fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass m.m av regional betydning. (Viser til gjeldande reglar for funksjonsfordeling).

I Børvenestunnelen vil det ikkje vera tillate for gåande og syklande, så dei må fortsatt nytta gamlevegen (eksisterande) rundt Børveneset.

Busstafikken vil i hovudsak nytta den nye tunnelen for sine ruter.

Det er ikkje tilrådeleg med to parallelle fylkesvegar slik at Børvenestunnelen vil overta som fylkesveg.

Før overtaking av kommunen vil det verta føreteke vurderingar i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7»

Tilråding med fylgjande forslag til statusendring:

- Fylkesveg (FT) 7, Hp 15 , km ca. 1,420 – ca 3,495 mellom rundkøyninga i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkøyingsveg og for gåande og syklande.
- Før endelig vedtak trer i kraft og vegen overlevert til Kvam herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikraftredelse av vegloven §7»

I samsvar med veglova § 7 første ledd er det Hordaland fylkeskommune som fatter endelig vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kvam herad, der fylkesvegen ligg, skal gje uttale i saka før endelig vedtak vert gjort.

Saka vert send dykk til uttale. Ynskjer tilbakemelding frå dykk før vi sender saka til Hordaland fylkeskommune for vedtak.

Svarfrist vert sett til **22.04.2015**

Plan og Forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

Carl Erik Nielsen  
seksjonssjef

Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Hordaland fylkeskommune, samferdselsavd., Postboks 7900, 5020 BERGEN